



80. årgang - nr. 3. 2024. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



Nye Austheim
reiser seg s. 4

Ungdomsleiar til
misjonsmarka s. 9

Ungdomsskuleelevar
på tur s. 10



STATSVITAR: VENSTRESIDA BOMMAR I KRITIKKEN AV RELIGIØSE SKULAR

Vi har invitert kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun til Tryggheim – vi håpar ho kjem. Vi vil ho skal sjå skulen og treffe elevane. Vi vil takke for at vi får drive kristen friskule, sjølv om dei økonomiske rammene under denne regjeringa har blitt noko strammare, og dermed også for elevane i form av høgare skulepengar.

Gjermund Viste // Rektor

I høyringa til ny privatskulelov skreiv vi følgjande i januar 2023: «Det finst ikkje dokumentasjon på økt segregering fordi nokon går på friskular. Det er biletet også på Tryggheim. Mange deler det kristne verdigrunnlaget. Men samtidig representerer dei mange hundre elevane mangfaldet i samfunnet.»

No kan forskinga understøtte dette. Vårt Land (09.08.24) skriv at statsvitar Svein Erik Tuastad har forska på elevane si eiga oppleving av å gå på religiøse skular. Tuastad har konkludert med ein ting, og det er at Ap og venstresida bommar i kritikken av religiøse skular.

Tuastad viser til stortingsrepresentanten Rakel Seweriin (Ap) som i 1959 tok eit oppgjær med dei private religiøse skulane i stortingssalen med følgjande: «Vi ønsker ikke å autorisere eller oppmuntre til skoler som drives av personer med særoppfatninger.» Tuastad meiner det går ein raud tråd fram til Hadia Tajik og hennar syn på religiøse skular. Ho nemner temaet i biografien sin (2020), men har også uttalt at ho personleg er imot «alle private skoler med et religiøst grunnlag» (VL 16.10.20).

Statsvitar Tuastad såg at det var utruleg

lite forskning på korleis elevane sjølve oppfatta å gå på religiøse skular. Samtidig har det kome veldig sterke påstandar frå politikarar om desse skulane, seier han.

Dei viktigaste funna i doktorgrads-arbeidet

Det kan ha vore ein overdriven kritikk av religiøse skular og ein tendens til å generalisere og «skjere alle over ein kam», seier Tuastad. «Det viktigaste funnet er at kritikken mot religiøse skular ikkje ser ut til å treffe slik situasjonen er i dag. Elevane eg har snakka med, er superintegreerte, har full autonomi og er veldig sosiale. Ved å sette det på spissen, kan ein nesten seie at den politiske kritikken av religiøse skular kokar ned til å vere kritisk til at folk har ein kristen livsstil», seier han. Tuastad seier vidare at kritikken frå politikarar blant anna har gått ut på at ein ikkje vil ha såkalla parallellsamfunn, og at politikarar trur at elevar ved skulane ikkje blir like integrerte i samfunnet som elevar på offentlege skular. Basert på forskinga si trur han ikkje det stemmer. «Desse skulane er ein del av eit nasjonalt fellesskap. Skulane bidreg til å gje mange av elevane ei dobbel tilhøyrse. Elevane vert både integrerte i eit kristent fellesskap

og i det nasjonale fellesskapet», seier han.

Må få velje kristen livsstil

Ved å sette det på spissen kan ein seie at å vere kritisk til religiøse skular, er som å vere kritisk til at folk har ein kristen livsstil, seier Svein Erik Tuastad. Han meiner ein kan snu autonomiargumentet på hovudet: «Å gje unge folk autonomi betyr at dei må få lov til å velje ein kristen livsstil og omgjevnader som då høver». Vidare spør Tuastad: «Lever ein i eit parallellsamfunn dersom ein ikkje vil vere med å drikke seg 'dritings'?» Intervjua kan tyde på at Arbeidarpartiet og venstresida i norsk politikk bommar i kritikken av religiøse skular, meiner han.

Ein stor takk til Vårt Land som skreiv om dette! Det blir vidare viktig å halde dette fram for politikarane, både lokalt og nasjonalt.

Kjelder: <https://www.vl.no/nyheter/2024/08/09/statsvitar-med-ny-forskning-ap-og-venstresida-bommar-i-kritikken-av-religiose-skular/>
Forskningsartikkelen til Svein Erik Tuastad ligg her: <https://www.idunn.no/doi/abs/10.18261/nnt.41.2.4>

Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Mari Ask Helland
Henrik Siqueland
Bjørge Topnes
Stein Erik Hauge (ungdomsskolen)

Kasserer:

Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 150,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Layout og trykk:

Synkron Media AS, Birkeland



Er hodene våre for travle for Jesus?

Tiril Eldøy Salte // miljøarbeider vgs.

Hei kjære Tryggheimlev, og hei også til dere andre! Denne teksten var tidligere et slags debattinnlegg. Nå er den en andakt. Et nokså velkjent kristent sitat lyder som følger: «Hvis djevelen ikke kan få deg til å synde, så vil han gjøre deg travle!» (Corrie ten Boom). Dette kan selvsagt handle om timeplan, men min påstand er at det også kan handle om hodet. Er hodet ditt travelt? For travelt?

Du har full tilgang til nyhetsbildet, alle slags serier, alle slags ytringer. Du vet hva vennene dine gjør, hvor de er og hva de spiste til frokost. På vei til bussen skriker reklameplakatene mot deg. De kan løse akkurat det problemet du har. Spesialister på å vekke følelser, har utformet dem. De har mastergrad i det.

Du går videre inn på bussen, og åpner mobilen. Stimulerer hjernen med korte videosnutter. Den belønner deg med dopamin. Du skrur på musikk; for hvorfor sitte i stillhet? All verdens toner og tekster er for dine føtter. Når livet

går i motbakke, kan du lytte deg bort til influenserfjas eller truecrime. Hvorfor ikke knytte emosjonelle bånd og vekke følelsesregisteret med en sesong 'Forræder'?

«Kom med meg til et øde sted, hvor vi kan være alene og hvil dere litt» (Mark. 6,31). Jesus oppsøkte selv stillheten for å ha egentid med sin Far. Han oppfordret disiplene sine varmt til å gjøre det samme. Guds stemme er å finne i stillheten. Han avhenger ikke av å skrike, slik som løgnen gjør. For løgnen dør om ingen hører den og stoler på den.

Kanskje tenker du mye på Jesus i løpet av en dag. Kanskje gjør du også mye for ham. Prøver mange ganger å sette deg ned med ham, men erfarer ofte at du ikke «klarer» det. Jeg må i hvert fall erkjenne å ha det slik - hodet mitt spinner i et slags kognitivt kaos og konsentrasjonsspennet mitt holder ikke mål. Jeg er distraheret av alle inntrykkene som har jaget meg hele dagen.

Jeg tror djevelen, løgnens far, gleder seg over at vi ofte har det slik. At den hverdagen vi lever i overstimulerer oss. Han har nok jobbet hardt for dette. Tenk hvor mye mer informasjon som setter spor i oss, sammenlignet med menneskene som levde et par generasjoner før!

Til slutt et par praktiske tips: Legg fra deg mobilen på vei inn i stillheten. Knel eller løft hendene dersom du har vansker med å få hodet til å stilne. Snakk med Gud om det som forstyrrer stillheten.

I Salme 46,11 kan vi lese: «Hold opp! Kjenn at jeg er Gud. Jeg er opphøyd over folkeslag, opphøyd på jorden». Vår himmelske Far inviterer oss til nærvær med seg i stillhet. Han har fred for hodene og hjertene våre! Ta vare på hans ord, og handle på dem, oppsøk øde steder, vær alene med Jesus - og hvil deg litt.



NYE AUSTHEIM REISER SEG

Tekst: Knut Handeland

Foto: Mari Ask Helland og IGANG Total-entreprenør

Ved overgangen til september er betongarbeidet på nytt internatbygg ferdig, og tømmerane står klare i startgrova med hammar, 2x4 og meistringsforventningar.

Konturane av noko det går an å flytte inn i hausten 2025 blir dagstøtt tydelegare, og IGANG Totalentreprenør melder at framdrifta er i rute for å nå delmålet om tett bygg innan utgangen av oktober.

Gamle Austheim skal som kjent rivast, tidspunktet er ikkje fastsett, men i løpet av kommande vår sender skulen ut anbod for nytt undervisningsbygg som skal stå der gamle Austheim nå står. Tilbudsprisane frå anbudsgivarar vil så bli avgjerande for kor raskt riving og nytt byggeprosjekt kan kveikast i gang.



Teikning av korleis Nye Austheim skal bli

NYE AUSTHEIM:

- ✦ Ca. 1150 kvm. fordelt over 3 et.
- ✦ 32 einerom organisert som dubletter, dvs. to rom deler toalett og dusj
- ✦ Fire einerom tilrettelagt for rørslehemma
- ✦ Overlevering av bygg mai 2025
- ✦ Klart for innflytting august 2025



Nybygg sett frå vest mot aust.



Nedste etasje har rom med vindu mot nord og lagerrom i delen som vender mot sør.



Før flosshatt, briller og sminke er komne på, er inntrykket kaldt og brutalistisk



Me innrømmer at det har blitt brukt hydraulisk spade undervegs. I motsetnad til i prøvesituasjonar i klasserommet er alle hjelpemiddel tillatne.

Løftene kan ikke svikte.



OPPSTARTEN

- i tekst og bilder -

Åpningslørdagen



Lørdag 17. august var første skoledag for Vg1-elevne.



Nye Vg2- og Vg3-elever – og noen «gamle» som nå er lærlinger – var glade for å se hverandre igjen på åpningslørdagen.

Miljøarbeider Tiril kaller inn til sosiale aktiviteter.



Samarbeids-
øvelser og
'teambuilding'.



Preikestolen



Tradisjonen tro ble det også i år tur til Preikestolen en uke etter oppstart.

Russeweekend

Thea prøver Tonstadlis nye hinderløype.



På Tonstad bakeri er det alltid noe godt å få. F.v.: Malin Aase, Erica Njørheim, Johanna Kjetilstad Muff og Ragne Bore.



Den nye klatreveggen ble også flittig brukt.



Godt samarbeid er viktig.



God stemning blant årets russekull, her representert ved Oda og Anny.

Biologi - feltarbeid i bekk



En regnfull dag i slutten av august var 3BI-elevene på feltarbeid i Skjerpebekken på Nærbo.



Mikala og Inger «fisker» fra en av broene over bekken.



Thea har kledd seg godt for oppgaven.

1STC



Når det plutselig blir strålende vær med 27 grader i skyggen i september, blir det utetime i 1STC.

Ungdomsleiar til misjonsmarke

Tekst og foto: Henrik Siqveland

Tryggheimhelsing har teke turen til Verdalen i Klepp kommune for ein prat med familien Aarseth. Her vert Tryggheims utsending vel teken i mot med kaffi og teknisk hjelp til lydopptakaren på telefonen. Grunnen til intervjuet er at Maria og Lars – og vesle Levi – på nyåret skal reisa til Indonesia.

Lars har vore vår trufaste medarbeidar som ungdomsleiar (tidl. fritidsleiar) sidan 2020, men har alltid hatt ein tanke om at ein gong ville han reisa ut som misjonær. Maria vedgår at ho ikkje hadde sett føre seg det same, men visste kva det innebar å koma saman med Lars. Omsider kom paret over annonsen til Misjonssambandet om at dei søkte arbeidarar til Indonesia, til Medan på Sumatra, noko dei begge kunne sjå føre seg.

Utsendingen frå Tryggheimhelsing spør korleis misjonærar arbeider i 2024? På dette spørsmålet presiserer dei at det no heiter det utsendingar. Utsendingane til Misjonssambandet gjer nemleg veldig mange forskjellige ting, sjølv om det vert understrekt at hovudoppgåva er å vinna verda for Kristus.

Tidlegare har misjonærar ofte gått fireårig misjonsskule før dei vart sende ut, men for familien Aarseth har dette vorte erstatta av eit vekeskurs og eit helgekurs. Deira utdanningar innan teologi og innan vernepleie vil nemleg koma godt til nytte i tenesta.

Kva går arbeidet ut på?

Maria skal arbeida med psykisk helse i eit Norad-stødd prosjekt. Lars skal arbeida som rådgjevar for den nasjonale kyrkja i Indonesia. Han forklarar at han vil arbeida mykje med eit konsept han kallar «Use your talents», noko som spelar på likninga Jesus fortel om talenta i Matteus 25. Prosjektet handlar om å utrusta kyrkjene rundt om til å vera verksame i lokalsamfunnet. Før dei går i gang med arbeidet ventar det ni månadar med språkkurs. Dei har høyrte at språket ikkje er av den vanskelegaste sorten, og verkar godt moda på å ta fatt på dette.

Dei stikk likevel ikkje under stol at det går meir og meir opp for dei at det dei har teke på seg òg inneber offer. Det vert lang avstand til besteforeldra for Levi, og sjølv om språket kan gå greitt, er det ein heilt ny kultur dei skal setja seg inn i og læra å kjenna. Overgangen vert nok stor, og dei kjenner det kan verta stritt å reisa frå familie og vener heime i Noreg.

Kva ser de fram til med å reisa?

Dei har begge vore i området på turar før, og skryt av den vakre naturen og at det er ein flott del av verda dei reiser til. Og sjølv om det sjølv sagt er kvardagar der som her, ser dei fram til mindre tidsklemme og meir tid som familie. Lars tykkjer det vert spennande å arbeida med kyrkja, og korleis han på den måten vil verta kjent med kulturen der, særleg opp mot den norske bedehuskulturen dei kjenner godt frå Noreg.



Nymåla hus.

Eg er litt nysgjerrig på kva slags reaksjonar paret har fått på valet dei har teke om å reisa ut som utsendingar for Misjonssambandet. Maria har lagt merke til at folk har svart og tenkt veldig praktisk: «Kva skal de gjera med huset dykkar i Verdalen? Kva med tinga dykkar her heime?» har vore typiske spørsmål. Men folk har vore veldig oppmuntrande og positive. Til praktisk tenkjande lesarar skal altså huset leigast ut, så det er berre å ta kontakt.

Kva vil de seia til misjonærspirer som les dette?

Våg å gjera noko med det, om du lurar på om du har eit kall, seier Lars. Ta kontakt med Misjonssambandet, seier Maria, dei treng alle slags folk. Det ser ein på utlysingane deira. Høyr med dei kva slags moglegheiter det er, det er meir enn det folk ofte trur.

Klasse 10D på Maurholen

Tekst: Stein Erik Hauge
Bilete: Privat

Tysdag 27. august reiste klasse 10D på tur til Maurholen. Etter vanleg skuledag møtte elevane turkledde med sekker og godt humør på togstasjonen. Sarah, Sunniva, Pauline og Sol har tydeleg hatt ein flott tur, og fortel ivrig: «Toget var stappfullt. Og der kom me med svære sekker, og dunka borti alt og alle.» At toget var fullt, tyder som vanleg at halvparten av seta var opptekne. Dei fleste nøydde seg med å stå, medan nokre drista seg til å utfordra smittevernstiltaka frå 2020.

Dei gjekk av stasjonen på Hellvik, og tok vidare til Maurholen. Det tok ein halvtime å gå, men med tursekker og lavvoar var dette meir enn nok. Å slå opp lavvoane hadde klassen øvd på i gymmen, så dette gjekk som ein lek. I alle fall for jentene. Gutane skal ha støtt på nokre utfordringar, men då dei ikkje hadde store planar om å sova, gjorde det lite at éin hadde gløymt liggjeunderlag, ein annan ikkje gadd pumpa opp luftmadrassen og ein tredje hadde tenkt å nytta jakka si til dyne.

Fagleg sett stod livbergingskurs sentralt på programmet. Elevane sumde rundt ei bøye, dukka etter ei dokke, og førte ein annan elev i land. Elevane tykte det var tøft å få gjera dette ute i staden for i basseng. «Det var 15 grader i vatnet. Det gjer kurset mykje meir realistisk enn om me skulle hatt det i eit oppvarma basseng», fortel Pauline. Jentene er samde om at det var kjekt å gjennomføra ei prøve som ikkje berre var teoretisk. Etter økta i vatnet vart det utført hjarte- og lungeredning på ei dokke.

Vidare vart det grilling og bålkos, og sjølv om Sol støtt mista pølsene sine av pinnen, vart dette ei hyggeleg stund for heile klassen. Jentene tykkjer turen har bidrege positivt til klassemiljøet. «Alle var saman, au på tvers av dei vanlege gjengane.» Dette har utan tvil vore noko av det kjekkaste med turen, noko som legg eit godt grunnlag for resten av skuleåret. Elles nytta elevane dagen til ulike «eventyr»: oppdaging av toppar, skremming av jenter og bading frå stupebrett. Då kvelden var komen og klokka slo elleve, skulle det vera ro. Elevane hadde planen klar: Dei skulle lata som dei sov, til dess lærarane hadde sovna. Denne planen spela fort fallitt, og det på begge frontar. Lærarane sovna ikkje før klokka eitt, og elevane greidde ikkje å lata som om dei sov. Jentene slår fast: «Det var kjempekjett fram til klokka tre!» Etter dette vart to av jentene sjuke og reiste heim. Sjølv om det er kjekt, tek det på å vera på tur. Dette er Sarah og Sol samde om. Sol landa rett på magen etter ein backflip, medan Sarah sklei ned i ei myrete grøft.

Turen tilbake kjendest noko tyngre og resulterte i gangsperr i rumpa. Heldigvis fekk elevane avspasera resten av dagen for å henta seg inn.

Dette trongst; nokre av elevane skal ha sove så mykje som 16 timar! Medan jentene fortel, er det lett å skjønna at dei har kost seg, og gjort mange gode minne. Turen har knytt klassen saman, og lagt til rette for gode relasjonar ut skuleåret. At orienteringa gjekk ut til fordel for ei ekstra badeøkt, er kanskje ikkje så farleg.



8. trinn på leirskule

Tekst: Kristian Auestad
Foto: Agnes Åtland

Den 21. til 23. august hadde 8. trinn nokre spanande dagar saman på Horve. Det vart etter kvart både regnfullt, blautt og kaldt, men det vart likevel utruleg kjekt. Onsdagen bestod av mykje tid saman ute i sola, der elevane mellom anna fekk utfordra seg på ulike teambuildingsaktivitetar og kanopadling. Etter å ha fylt magen med taco vart ettermiddagen brukt på bading og padling i både kano og på SUP-brett. Om kveldane gjekk det i andakt, song og underhaldning. Den fantastiske elevgruppa bidrog til å skape herleg stemning både då me song «Gi meg Jesus» og då dei vart utfordra på lek og underhaldning. Mykje glede og engasjement, og hjå lærarane vart det nesten for litt mykje konkurranseinstinkt. Torsdag kom regnet, noko som gjorde turane ekstra spanande og utfordrande. Ein fin liten gjeng traska blant dammar, sopp og padder bort til Horve 2 og koste seg med både lek og konkurranse. Elevflokk som gjekk til Vårlivarden fekk ikkje berre mykje regn, dei fekk i tillegg vind. Heldigvis var det ingen elevar som bles vekk eller regna ned frå fjellet, og stemninga var overraskande god. Ein del elevar nemnde til og med turen som vekas høgdepunkt trass i dårleg vær. Alt i alt var det utruleg kjekt å bli betre kjent med elevane og lærarane på trinnet. Mange nye relasjonar vart bygde og me fekk gode minne me kan sjå tilbake på.



NYE KOLLEGAER PÅ TRYGGHEIM VGS

Vi spør:

1. Kjem frå/bur
2. Tittel på Tryggheim
3. Arbeidsoppgaver
4. Favorittmat
5. Interesser
6. Oppteken av og brenn for

Stein Erik Hauge, 23 år

1. Nærbø
2. Lærer
3. Undervisa ei gruppe i tysk
4. Graut
5. Drikka brus og bøya verb
6. Fred på jorda



Hege Engedal, 33 år

1. Kommer fra Orstad/bor på Kleppe
2. Lærer
3. Undervise en klasse i engelsk
4. Pizza
5. Jeg har tre små barn, lite tid til andre ting – men jeg liker godt å jogge
6. Opptatt av lovsang, brenner for at barn og unge skal få et nært forhold til Jesus



Sondre Åsbø, 20 år

1. Kommer fra Nærbø, bor på Vigrestad
2. Norskklærer
3. Undervise i norskfaget for 1STA
4. Entrecôte
5. Sankt Petersburg-romaner og russisk landsbypoesi
6. Å få elevene til å innse hvilken tidløs gullgrube en roman eller et dikt kan være



Karen Hovda, 25 år

1. Født, oppvokst og bor fortsatt på Randaberg
2. Lærer, har et år igjen på studiet, og skal skrive master i engelsk dette året
3. Engelsk i 1STC og historie i 3STA
4. Taco slår aldri feil
5. Veldig fan av film og serier, spiller tennis, glad i en god bok og å henge med venner og familie
6. Er med i YoungLife og brenner for at ungdom skal finne veien hjem til Jesus



Hanne Nordbrønd, 36 år

1. Kommer fra Ålgård, men bor på Undheim med mann og tre barn
2. Vernepleier på tilrettelagt avdeling (TA)
3. Være sammen med elevene på TA i deres skolehverdag. Legge til rette for god læring og trivsel
4. Kylling med ris og salat er det beste jeg vet
5. Jeg er glad i naturen og friluftsliv, håndarbeid og en god drøs
6. Jeg brenner for familie og for å være en god mor for mine tre barn, og gi troen på Jesus videre til dem



Torill Bjelland, 26 år

1. Er fra Lye
2. Internatleder
3. Sørge for at elevene på internatet har det bra
4. Elsker kanelboller
5. Liker å bade i ferskvann og å løpe i sol og regn
6. At mennesker skal få ta trygge steg i tro



Kirsten Skjæveland Lid, 49 år

1. Sandnes
2. Skolesekretær



3. Mange og veldig varierte oppgaver, men blant annet å svare på skolens e-post og telefon. Arkivering, sortering av post, skriveoppgaver fra rektor og andre, mm.
4. Taco
5. Å gå tur i skogen med hunden og baking
6. Nestekjærlighetsbudet - at alt du vil at andre skal gjøre mot deg, skal du gjøre mot dem.

Rajeni Jabessa Wodajo, 23 år

1. Er fra Lye og bur på Bryne
2. Lærer
3. Hovudsakleg engelsk med 1BAC
4. Spaghetti på kinesisk vis hjå Wen Hua House på Bryne
5. Lista er lang, men ingenting slår karusellar og berg-og-dalbanar
6. At vi skal innsjå at det er ikkje noko kunnskap eller visdom som overgår Han som heile kosmos lovar. Han som alle tungemål skal bekjenne er Herre. Eg er også utruleg glad i ekte gelato



Lene Ueland

1. Nærbø
2. Miljøarbeider på tilrettelagt avdeling (TA)
3. Støtte og veilede enkeltelever
4. Glad i mat, vanskelig å velge
5. Være på tur ute i naturen, hund og strikking
6. At barn og unge, særlig de som har litt ekstra utfordringer, skal oppleve mestring og inkludering og få bidra i samfunnet med sine evner.



Tobias Strandberg, 20 år

1. Ålgård
2. Miljøarbeidar
3. Gymsalaktiviteter
4. Kebab
5. Fotball og frisbeegolf
6. Kristen frimodig ungdom og Manchester City



Karina Eikeland, 20 år

1. Kommer fra Konsmo, ei lita bygd på Sørlandet
2. Miljøarbeider
3. Vi lager tilbud for elevene på fritiden med forskjellige sosiale arrangementer
4. Tørrfisk
5. Være med folk, reise, hekling, håndball
6. Menneskeverd, og at alle rundt meg skal føle seg sett



Fredrik Rott, 19 år

1. Flekkerøy
2. Miljøarbeider
3. Arrangere ting og være til stede etter skoletid for elevene
4. Kebab
5. Alt av idrett og aktivitet og sosiale ting
6. At unge skal bli trygge og sterke i troa



Mathias Wold, 24 år

1. Nærbø
2. Ungdomsleiar
3. Miljø, kristent arbeid, leie miljøteamet
4. Komla
5. Teologi, snekring, historie
6. Gamle hus og kristen tru og lære



Tiril Eldøy Salte, 19, snart 20 år

1. Kommer fra Klepp. Bor nå på Nærbø.
2. Miljøarbeider
3. Arbeidsoppgaver: Være en trygg person i miljøet på Tryggheim, planlegge og gjennomføre sosiale arrangement (store og små), lede bibelgruppe, ta del i og bidra i de åndelige tilbudene på skolen. #ganskesåkos
4. Det tror jeg er pizza. Cookies, BLT og Dr.Pepper score også ganske høyt!
5. Tar det i stikkord: Mennesker, lese, lære, politikk, samfunn, musikk, dans, skriving og ord



Russ2025

Tryggheims nye russestyre

Vg3-klassane var på russeweekend på leirplassen Tonstadli frå torsdag 29. til laurdag 31. august. Dei brukte dagane til å styrke samhaldet, planlegge russeåret og velje styre.



Bakarste rekke (f.v.): teknisk leiar Nikolai Johannes Hauge, visepresident Elias Ulland, økonomileiar Samuel Kro og idrettsleiar Estin Lundebø. Fremste rekke (f.v.): innkjøpsleiar Mariell Thu, underhaldningsleiar Sofie Røyksund, møteleiar Amalie Lindland, redaktør Alida Bø og misjonsprosjekt-leiar Hanna Indrebø. Fremst: russepresident Thomas Bø.



- Ønsket mitt er at elevar på Tryggheim skal kunne vere glade i skulen og i Jesus, seier den nyvalde russepresidenten Thomas Bø.



Lærarane Anita Thorsen og Kristian Birkeland er russementorar, noko som inneber at dei gir styret hjelp og støtte.

6. Jeg synes det er spennende å fortelle mennesker som kun kjenner verdens visdom om Jesus. Mer en bønn om at det skal vekkes en større brann for dette! Kunne tenkt meg å gå i en apologetisk retning. Det hadde vært kult.



Tre på topp: Middager på Tryggheim

Tekst: Ingrid Sofie Kro-Halvorsen
Foto: illustrasjonsfoto

1. FISK



Sprøbakt fisk med potetmos og grønnsaker

Visste du at hvit fisk inneholder mye jod som er positivt for at kroppen kan regulere kroppstemperaturen? Så om du fryser mye, kom på dette måltidet. I tillegg til at denne retten er sunn og er god på smak, får vi dessert etterpå! Vinn-Vinn spør du meg.

2. PANNEKAKER



Pannekaker

Ser du pannekaker på menyen, bør du komme ekstra tidlig til maten. Dette flate bakverket kan nytes med blåbærsyltetøy, bacon eller sukker. Pannekaker er det ene måltidet som er så godt at man bare MÅ hente mer mat, men å stå i kø; det må du nok.

3. PIZZA



Pizza

Den moderne pizzaen ble utviklet på 1700-tallet da de fattige i Napoli spiste tomat på flatbrød. I dag kjenner vi denne retten både med tynn og sprø, men også med tykk bunn. I en hard hverdag, med kjedelige middager, kan vi lett drømme om luftig og god pizza. Men, fortvil ikke, for på lørdagskvelden kan du være heldig å få Tryggheims nydelige pizza!

LET'S
EAT



Visste du at...

Tor Eivind Gilje (BA 15-16) og Anette Ragnvaldjord giftet seg 25. mai

Anita Varhaug (HO/PB 09-12) og Ole Laland Egeland giftet seg 1. juni

Maria Salte (HO/PB 17-20) og Filip Hoelgaard (ST 17-20) giftet seg 14. juni

Lisa Byberg (ST 16-19) og Eirik Almås giftet seg 15. juni

Ingeborg Anna Ngamchalad (ST 19-22) og Adrian N. Stornes giftet seg 22. juni

Ingvild Konstali Stokka (HO/PB 18-21) og Simen Selseng Salte giftet seg 22. juni

Lars-Olav Siqveland Morstøl (EL/PB 10-13) og Sigrid Karine Belt giftet seg 28. juni

Mari Frøyland (ST 17-19) og Daniel Maudal (EL 16-18) giftet seg 29. juni

Signe Rettedal (ST 15-18) og Runar Kolnes (BA 14-16) giftet seg 29. juni

Sunniva Muren (ST 17-20) og Sivert Bjuland (ST 17-20) giftet seg 29. juni

Emilie Vigdel (ST 16-19) og Mathias Voster giftet seg 5. juli

Oda Laurentse Jess Langaas (ST 15-18) og Sander Jakobsen giftet seg 6. juli

Ådne Haugstad (ST 14-17) og Karina Salte giftet seg 6. juli

Marita Martinsen (HO/PB 16-19) og Ruben Langåker giftet seg 19. juli

Herborg Jess Langaas (ST 16-19) og Bernardas Sivilevičius giftet seg 27. juli

Thea Åsbø (BA/HO 22-25) og Sander Aanestad (BA 20-22) giftet seg 17. august

Arnstein Frafjord (BA 10-12) og Ingvild Grastveit giftet seg 24. august

Hanna Jess Tjøstheim (ST 16-19) og Sindre Sørensen giftet seg 7. september

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!)



Tryggheimkalender


SEPTEMBER

Tors. 19. – tors. 26.: Vg2-turer til Belgia/
Frankrike og Roma
Tors. 26. – lør. 28.: Vg3-tur til Oslo

OKTOBER

Ons. 2.: Huslydkveld
Man. 7. – fre. 11.: Høstferie

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Tryggheim skular inviterer til
HUSLYDKVELD

Onsdag 2. oktober kl.19.00



«Smittende tro»

Tale av Marit T.

I samtale med
tidligere Tryggheimlev
Martin Cave

Sang av
Anne Birgitte L. Bøe
og Dagfinn Egeland

· God mat

· Basar med
kveldstrekning

Varmt velkommen!